Spaning til siste slutt: Maritza Åsheim (t.v.) og Nils Kristian Slattum (nummer tre frå venstre) spela for Øystese 2. Trass høg innsatsvilje laut dei sjå seg slegne då dei møtte Austrheim i den siste kampen i Øystesehallen laurdag.

Avslutta sesongen med stil

Boccia-lag frå heile Hordaland avslutta laurdag sesongen med seriehelg og avslutningsbankett i Øystese. Heimelaget låg lenge godt an i pokalstriden, men tapa på målstreken.

EVEN NORHEIM JOHANSEN

85 spelarar fordelte på 19 lag deltok i siste runde i bocciaserien for psykisk utviklingshemma i Hordaland i Øystesehallen. Seriehelga var den siste denne sesongen, og spaninga vara til siste kast.

Fyrstelaget til Øystese låg lenge godt plassert, men fekk resultata mot seg i dei siste kampane, og enda til slutt på 7. plass. Dei fire beste laga fekk premie. Øystese sitt 2. og 3. lag enda på 12. og 13. plass på tabellen.

17 registrerte

Lillian Kvamsøy er éin av tre ved kulturkontoret i Kvam som skipar til arrangementet. Ho er tilsett som aktivitetsleiar for funksjonshemma i kommunen, og har vore trenar og instruktør for boccialaget i tre år.

– 17 spelarar er registrerte i klubben. Endå fleire trenar, men deltek ikkje i kampar enno. Me er i alt tre som trenar gruppa, seier Kvamsøy.

Ho opplyser at laget trenar éin gong i veka. I hovudsak er det personar som bur i kommunale leilegheiter som deltek.

Favorittidretten

Maritza Åsheim og Asgerd Lid Villanger er nøgde med serieavslutninga. Åsheim byrja spela i fjor, og har berre eitt år med seriespel bak seg. Villanger har opparbeidd seg ein god dose rutine. Ho forklarar at målet med spelet er å kasta bocciaballane nærast mogeleg den kvite målballen. Sporten ber preg av små marginar. Villanger går ikkje lei med det fyrste.

– Eg har spela i fire år, og det er framleis like moro. I dag har me vunne alle kampane, så eg skal flagga når eg kjem heim. No gler eg meg til medaljeutdelinga, seier ho.

Åsheim sitt lag gjorde det ikkje like skarpt. I den siste kampen trefte ho målballen, til jubel frå dei andre på laget, men det var ikkje nok til å snu kampen. Ho lét ikkje det dempa humøret.

– Bocciaball er framleis favorittsporten. Me har iallfall vunne éin kamp i dag, seier ho, før ho må av garde for å gjera seg klar til fest.

Bytte til finstas

Etter dei siste rundane var det duka for avslutningsbankett i Holmatun. Deltakarane var inviterte til middag, dans og premieutdeling, og dei fleste hadde funne fram finstasen.

Dei fire øvst plasserte laga på tabellen vart premierte, og i år var det Arna boccialag som stakk av med pokalen. Askøy HSL tok 2. og 3. plass.

Dette var tredje gongen Øystese avvikla avslutningsrunden. Janne Landås frå Hordaland idrettskrets er nøgd med avviklinga.

– Dette er fyrste året me arrangerer seriehelgar. Det sparar klubbane for bortekampar midt i vekene, og gjer det lettare for klubbane å stilla med fleire lag. Me har gjennomført tre seriehelgar denne sesongen, og talet på kampar er nesten dobla samanlikna med tidlegare sesongar, seier ho.

Ho har arbeidd med bocciaserien sidan 1994. Ho seier Øystese har gjort det skarpt i seriespelet. I fjor hamna laget på 2. plass, medan gjengen fekk bronsemedalje i 2010. Landås rosar arrangementet og utøvarane.

– Me får alltid gode tilbakemeldingar på arrangementa i Øystese. Det er ei hyggjeleg ramme, og alt er lagt godt til rette. Lillian og dei andre i apparatet har gjort ein god jobb. I år vart me jamvel ferdige før skjema, seier Landås.

redaksjon@hf.no

Lyfta pokalen: Even Fonn frå Arna kunne jubla etter premieutdelinga. Han og resten av laget frå Arna vann årets bocciaserie.